

KOMMISJONSVEDTAK

2011/EØS/71/33

av 23. februar 2007

om fastsetjing av overgangsføresegner for systemet for identifikasjon og registrering av sauer og geiter i Bulgaria i medhald av rådsforordning (EF) nr. 21/2004(*)*[meldt under nummeret K(2007) 533]*

(2007/136/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
felleskapet,

med tilvising til tilmeldingstraktaten for Bulgaria og Romania,
særleg artikkel 4 nr. 3,

med tilvising til tilmeldingsakta for Bulgaria og Romania,
særleg artikkel 42, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I rådsforordning (EF) nr. 21/2004 av 17. desember 2003 om opprettelse av et system for identifikasjon og registrering av sauer og geiter og om endring av forordning (EF) nr. 1782/2003 og direktiv 92/102/EØF og 64/432/EØF⁽¹⁾ er det fastsett reglar for skiping av system for identifikasjon og registrering av sauer og geiter. I forordninga er det fastsett at alle dyr som er fødte i Bulgaria etter 1. januar 2007, innan ein frist på høgst seks månader og i alle tilfelle før dyret vert flytt frå driftseininga der det er fødd, skal identifiserast ved hjelp av eit øymerke og eit andre identifikasjonsmerke som er påført den same identifikasjonskoden som øymerket.
- 2) Bulgaria vart tilmeldt til Fellesskapet 1. januar 2007. Bulgaria har ved brev av 17. november 2006 bede om overgangsføresegner i eit tidsrom på eitt år når det gjeld identifikasjon av sauer og geiter i Bulgaria, slik at dyra i dette tidsrommet kan identifiserast berre ved hjelp av éitt øymerke, bortsett frå når det gjeld dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller eksport til tredjestatar. Slike dyr bør identifiserast i samsvar med fellesskapsreglane, bortsett frå at identifikasjonsmerket slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 21/2004, kan påførast ved ei anna driftseining enn driftseininga der dyret er fødd, slik det er nemnt i artikkel 4 nr. 1 i den nemnde forordninga.
- 3) For å lette overgangen frå den eksisterande ordninga i Bulgaria til den ordninga som følgjer av bruken

av forordning (EF) nr. 21/2004, bør det fastsetjast overgangsføresegner for identifikasjon av sauer og geiter i Bulgaria.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***Mål**

Dette vedtaket skal nyttast på alle sauer og geiter som vert haldne i driftseiningar i Bulgaria (heretter kalla «dyra»).

*Artikkel 2***Identifikasjon av dyr i Bulgaria**

Alle dyr i ei driftseining skal identifiserast før dei vert flytte frå driftseininga der dei vart fødte eller innan eit tidsrom på ni månader frå fødselsdatoen, alt etter kva dato som kjem først, ved hjelp av eitt øymerke som er påført ein identifikasjonskode for kvart dyr i samsvar med nasjonale reglar.

*Artikkel 3***Identifikasjon av dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller eksport til tredjestatar**

Alle dyr som er meinte for handel innanfor Fellesskapet eller eksport til tredjestatar, skal identifiserast i samsvar med forordning (EF) nr. 21/2004, eventuelt i tillegg til det øymerket som skal nyttast i samsvar med artikkel 2 i dette vedtaket.

Som unntak frå artikkel 4 nr. 1 i forordning (EF) nr. 21/2004 kan identifikasjonsmerket som er nemnt i den nemnde føresegna, påførast ved opphavseininga, slik det er definert i artikkel 2 bokstav b) nr. 8 i direktiv 91/68/EØF⁽²⁾.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 57 av 24.2.2007, s. 23, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 132/2007 av 26. oktober 2007 om endring av visse vedlegg og protokoller til EØS-avtalen, se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 19, 10.4.2008, s. 1.

(¹) TEU L 5 av 9.1.2004, s. 8. Forordninga endra ved forordning (EF) nr. 1791/2006 (TEU L 363 av 20.12.2006, s. 1).

(²) TEF L 46 av 19.2.1991, s. 19.

*Artikkel 4***Krav til transportdokument**

Transportdokumentet som er nemnt i artikkel 3 nr. 1 bokstav c) i forordning (EF) nr. 21/2004, skal innehalde identifikasjonskodane for kvart einskilt dyr slik det er fastsett i artikkel 2 og 3 i dette vedtaket.

*Artikkel 5***Brukstid**

Dette vedtaket skal nyttast frå den datoen då tilmeldingsakta tek til å gjelde og fram til 31. desember 2007.

*Artikkel 6***Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 23. februar 2007.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen
